

05.10.2008

Krigen i Uskedalen skildra i "Byen brenner"

Boka "Byen brenner!" som er skrive av bergensarane Arne (far) og Arve (son) Fuglum handlar også i høg grad om Uskedalen og krigshandlingane her. Grunnen er at faren til Arne, Hans, var med i kampane i bygda etter å ha vore på nøytralitetsvakt for Kystartilleriet på Kvitsøy fyr i Rogaland.

Utruleg nok hadde heile forsvarsstyrken i Haugesund om morgonen 9. april bestått av ein offiser og seks nøytralitetsvaktar og Hans var ein av dei. Dei køyrdde i drosje til Leirvik og kom seg vidare via Sunde til Uskedalen. På Sunde la dei beslag på telefonsentralen og låg der i fem dagar før dei vart beordra til Uskedalen for å slutta seg til dei norske styrkane. Først 25 år etter fortalte Hans Fuglum kva han opplevde her og han sette aldri sine bein att i Uskedalen.

I boka skildrar Arne og Arve korleis Hans opplevde krigen i Uskedalen:

"Hans Fuglen tviholdt på sin Krag-Jørgensen-rifle og forsøkte å gjøre seg så liten som mulig bak et falleferdig stabbur i Uskedalen i Hardanger. Lyden fra de tyske moderne håndvåpnene ble akkompagnert av hvining rundt både hans egne og kameratenes ører. Kvalme av redsel satt de og ventet på at en eller flere av dem skulle bli truffet. Innimellan fikk de siktet og slengt av gårde et og annet skudd selv også, uten at de helt visste om de var i nærheten av å treffen noe. Pokker heller, de var jo ikke soldater! De ville ikke være der engang!.....Hadde ikke situasjonen bak stabburet vært så prekær, ville han begynt å flire av tanken på at de kjørte nordover i drosje!"

Dagen før vart dei for første gang skote etter. Men ingen vart truffe då det vart skotveksling mellom dei og to tyske motortorpedobåtar som dukka opp ute i fjorden. Men det var først denne dagen det vart verkeleg ålvor. Den tyske torpedojagaren "Bremse" kom inn fjorden saman med åtte andre marinefarty og frå sine skjulestader på land såg Hans Fuglum og dei andre norske soldatane at nordmennene på land var sjanselause. Seinare kom det melding om at hundre tyske soldatar var sett i land i Dimmelsvik og det same talet i Herøysund. Dei norske styrkane vart gruppert for å kunne møta tyskarane på begge frontar.

Arne og Arve skriv:

"De hadde et lite håp om å unngå nærkamper. Nordmennene hadde nemlig to lastebiler, hver påmontert en maskinkanon. Disse ble sendt henholdsvis mot Dimmelsvik og Herøysund, men snart kom den skuffende beskjeden om at våpnene var satt ut av spill.

Den største, en 65 millimeter, ble sprengt i filler ved første avskyting. Senere var det mistanke om at dette skyldtes sabotasje av nazivennlige norske soldater.

Den andre, en 40 millimeter, ble sendt i retning angrepssyrken som kom fra Herøysund. Kanonen fikk inn en fulltreffer midt i en gruppe med 15 tyske soldater. Flere av dem ble drept og såret. Men så gikk lastebilen tom for bensin, og nordmennene måtte ødelegge kanonen for at den ikke skulle falle i fiendens hender.

De måtte altså stole på sine tilårskomne Krag-Jørgensen-rifler. Det var bare å stålsette seg".

Arne og Arve skriv at i løpet av denne dagen opplevde Hans og dei andre nordmennene spenning nok for eit langt liv. Redsla som prega dei alle bak stabburet vart snart erstatta av eit voldomt sinne. Ikke berre mot fienden, men også mot norske myndigheter som hadde etterlate dei her inne i Hardanger-ødet med eldgamle gevær og ein masse ubrukeleg utstyr. I tillegg hadde heile mobiliseringa vore ein einaste stor skandale.

Slik skildrar Arne og Arve kampen:

"Det var flere norske soldater her nå enn de som hadde vært med på drosjeturen fra Haugesund. Og nå sto de opp for hverandre, alle sammen. Idet tyskerne angrep, gikk det nærmest automatisk. De skjøt, ladet, siktet, skjøt igjen og lot ikke tyskerne rykke spesielt fort fram.

Det var ikke bare Hans Fuglum som hadde kone og barn der hjemme. Det gjaldt de fleste av soldatkollegene hans, og ingen av dem aktet å bli drept i kampen mot de ubudne gjestene fra Tyskland. De kjempet innbitt, med et mot og en glød som ingen av dem samme morgen hadde tiltrodd seg selv.

Tyskerne kom i stadig nye stormangrep, og hadde de hatt tyngre skytevåpen, ville nordmennene blitt tillintetgjort. Men også i nærkamper var tyskerne overlegne materielt sett. Det eneste som manglet hos okkupantene, var det tårnhøye adrenalininnivået til Hans Fuglum og dei andre nordmennene. Ingen av dem tenkte et øyeblikk på verken konge, fedreland eller ære. Det var kun snakk om å overleve, hjelpe kameratene og komme seg hjem til ungene sine. Traff de noen tyskere med de gamle jaktriflene sine? Kanskje. Kanskje ikke. Det skulle Far aldri komme til å fortelle noen"

Den voldsomme motstanden fra nordmennene vara heile fredagen og sette tyskarane ut av spell for ei stakka stund, nok til at dei uhindra kunne trekke seg attende over fjellet til Indre Matre dagen etter.

Hans og dei andre, utmatta soldatane kom seg til Odda, men vart skuffa då dei håpa på å bli sendt heim. Nok ei gang vart dei kledde i sivil og sendt attende til Uskedalen saman med ein del marinefolk.

Men denne gongen vart det fredelegare, for tyskarane var trukke ut.

Arne og Arve fortel vidare at medan Sør-Noreg formelt vart oppgjeve som krigssone 1. mai, var Uskedalen framleis på norske hender. Kystartilleristane formidla uforstyrra meldingar til Overkommandoen frå telefonstasjonen her og tida gjekk. Marinefolka vart kledd ut som fiskarar og med fiskeskøyter og miner i lasteromma drog dei ut og la ut minene.

- Det kunne se ut som de norske soldatene i Uskedalen var helt glemt av Forvarskommandoen, skriv forfattarane.

Heime i Bergen sat familiene og venta på dei. 16. mai seilte ei skøyte med 12 mann frå Uskedalen med kurs for Shetland, men kystartilleristane var ikkje blant dei.

Først 28. mai vart dei dimmiterte og fekk dra heim til sitt.

Ingen hadde fått lov til å melda frå om korleis det gjekk med dei, for dei hadde fått streng ordre om fullstendig teleplikt.

Det var viktig å ikkje røpa at det framleis var ein norsk miliær telefonstasjon i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen